

Øyno rundt skal vera eit såkalla lågterskeltilbud for lesarane våre. Har du eit fint dikt, bilete, teikning eller anna du ynskjer å dela med Bømlo-nytt sine lesarar - send det til oss!



Derfor blir vi rørte av kattungar

Bilete av søte dyr og babyar med store auge og små nasar vekker eit biologisk behov i oss, går det fram av ein masterstudie som er gjort ved Psykologisk institutt ved Universitetet i Oslo (UiO).

Det er Kamilla Knutsen Steinnes som har granska kjenslene som oppstår når vi ser bilete og videoar av søte dyr og babyar i sosiale medium. Ho fann kort og godt ut at forsøkspersonane hennar vart rørte på ein positiv måte, noko forskarane

kallar kama muta – det å bli «gripen av kjærleik». – Ein får ei varm kjensle i brystet, ein kan få gåsehud, somme fekk faktisk òg tårer i auga av å sjå på ein kattunge i 30 sekund, seier Steinnes til NRK. I forsøka fann Steinnes òg at testpersonane vart meir omsorgsfulle etter å ha sett på søte babyar og dyr. Det ser òg ut til at dei populære motiva gir folk motivasjon til å pleie forholda til andre menneske. – Litt overraskande kanskje, så kan dette òg overførast til andre rasar.

Omsorgsbehovet vårt er så sterkt at vi føler dei same sterke kjenslene overfor ein hundekvelp som overfor ein baby, seier forskaren, som har gjennomført studien i samarbeid med Kama Muta Lab ved UiO. (©NPK)

Bilete av ein kattunge med store auge og liten nase vekker like sterke omsorgskjensler som bilete av ein baby, viser ein masterstudie som er gjort ved Universitetet i Oslo. (Foto: Public domain)



Minneboka



Dette er søndagskulebarna og –ungdommane i Salem ca 1945/46. Han er litt usikker på årstalet Kristian Johnsen som var innom med biletet. Sjølv står han om lag midt i flokken med lyst hår. Severin Totland var søndagsskulelærar. – Me gjekk på søndagsskolen nærast frå me kunne gå og dei eldre søskena drog oss med, og til langt over konfirmasjonsalderen, fortel han. – Du veit, det var ikkje så mykje anna å finna på.